

Lien (gnr. 130)

Li, Lia, Lien: Gardnamn som kjem av hlid, dativ: hlidun, dalside, skogli. Her i Fåberg, her det tidleg var fleire gardar som heitte Lia, dat. Lien, vart den garden det her gjeld, Lia, av gamal skyld 2 ½ hud, som låg ved Fliflet, og kalla Flifletlia, dat. Flifletlien. I skrivne kjelder er det især i kyrkjebøkene dette namnet er nytta, men og i matrikkelen av 1886. Skrivemåten av dette namnet Lien gjennom tidene viser elles noks godt utviklinga av namnetypen Hlid i det heile: Liidt (1557), Lyenn (1528), Liedren (1629), Lien (1668).

Det er i den skrevne kjelda manntalet for ekstraskatten Gjengjerden 1528 vi først finn garden nemnt. Eiliiff Lien svara da den innkrevde skatten med 1 lodd sølv. I 1560-61 har ein dømme på at gardnamnet er skrive liidt. Brukaren Kolbjørn "liidt" og Oluff Snaekhoel hadde baa nektaa å gjera skyssferd med Evert Blidt og vart for det dømde til å betale 1 dr. i bot kvar. Same året er det vidare fortalt at Kolbjørn "liidt" reidde ut foringskatten med 2 faar, som var det same som Erich Flifleet svara. Fleire år seinare var det i 1629-30 Erich Lieden som var brukar på garden. Han betalde da atter ein utlikna skatt med 2 dr., kar på garden, som var like mye som det Michall Wedom skulle ut med. Dette viser at garden Lien alt da var ein heller stor gard. – Da Kopskatten 1645 vart innkrevd, vart den utreidd av Erich Lien, som betalde skatten for 2 Mandfolch og 2 Quindfolck. Tolv år seinare var i 1657 husdyrhaldet på "Lin": 2 hopper, 16 naut, 6 geiter og 16 sauer.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Lien i Fåberg oppgitt at den samla landskyld av garden da var sett til 2 ½ hud. Brukar i Lien var da Christen Jonsen, men han åtte sjølv berre jordegods til 1 huds skyld i garden. Dei andre eigarane i Lien var Peder Hogstad og Oluf Simenrud. Vidare er det om grd. Lien av skyld 2 ½ hud fortalt at enga, innmarka der var "Temmelig goed", men "aggeren var schrien". Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 12 naut, og korntianda vart utreidd med 2 ¾ tønne, som altså svara til ei årsavling på 27-28 tønner, sikkert aller mest bygg. Lien hadde alt da seter og sommerbeite å krøtera på "Kindsetter", Kinna., og når det er fortalt at det i Lien var ein humlehage, så var det som for mange av dei andre gardane på Stranda.

Frå tre år seinare er ei sak av 1671 som her kan vera av interesse, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden: "Lien i Faaberg. 9. septb. 1671. Kongens foged har på vegne av en av Kongens Landbønder, nemlig Amund Lien i Ragdalen, innstevnt Gudmund Torgersrud, Joen Tollevsrud, Per Snaghoel, Ole Knudsen aarliien, Per Korsrud, Oluff hos Siffr Prestrud fordi de med gevalt og vred hu har nedfelt og sønderhugget Amund Liens Haffelde om en kalveløkke. Parterne ble forlikte om at de innstevnte skal betale Amund Lien 4 rd. for det nedhugne gjerde og dette års avgrøde. Gudmund Torgersrud og hans søn Per Snaghoel lover å betale Kongens sikt og skadegjeld m.v."

Amund Nielsen Lien er og nemnt i ei sak av 1683. han hadde da fått skjøte av assessor Anders Simensen på garden Lien av skyld 1 hud. – To år seinare var det i 1685 Ole Torkilsen som tilhandla seg odelsgods i garden Lien. Han kjøpte da ein lott på 10 skinn landskyld av Oluff Simenrud og 7 skinn 3 fetling av Gullich Schjerven i Vardal, Peder Bachstad i Øyer og Mallene Dallerud i Fåberg. Det er elles opplyst at dette var jordegods som seljarane hadde arva etter far sin, Erich Lien, som da var død. det eine med det andre tyder på at garden Lien av skyld 2 ½ hud alt da hadde ei fleire ættleders lang saga bak seg.

Av år 1699 er eit arveskifte på Lien i Fåberg, der husbondsfolka Ole og Anne Lien var vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live. ved dette skiftet var

jordegodset, Lien av skyld 2 ½ hus, medrekna i arvebuet, som brutto utgjorde 136 rd. og netto 55 rd. Borna i ekteskapet var: 1. Ole (Oluf), 2. Torger. 3. Berthe, 4. Kirsti, 5. Anne.

I år 1710 var det enda Oluf (Ole) Syversen som hadde garden Lien i Fåberg. Han fekk da bevillingsseddel frå fogden på ei seterlykkje på "Kinden sæterløkke" og dermed rett til å hauste 3 lass høy årleg.- Men i 1720 var det sonen Oluf Olufsen (Ole Olsen) som hadde tatt over og var eigar og brukar av Lien. Samtidig er det opplyst at søstera Berthe var gift med Ole Olsen Finsrud, at Kirsti var gift med Peder Olsen Halvorslien, og at Anne var gift med Knud Olsen Aarlién.

År 1723 kom det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Lien i Fåberg fortalt at garden ligg i Baklia, og at den da var tungbrukt. Men jordarten var "temmelig god, dog noget vaadlendt". Husdyrhaldet på garden hadde da auka til 4 hestar, 23 naut og 18 sauer, og den årlege utsæd var kring 6 tønner bygg og 1 skjeppe rug. Det var skog til brenneved og gjerdefang og hustømmer, og det var alt da 2 husmannsplassar til Lien, den eine med brukande jord, den andre "uden sæd". oppsittaren Ole Olsen var framleis eigar og brukar av garden.

Av året 1724 er ei sak der brukaren er innvikla, og som etter utskrift av tingboka er framstelt slik: "Tollersrud i Faaberg 11. septb. 1724, Fogden har innstevnt et fremmed kvinnfolk, Kiersti Olsdr. som kom hit til sognet ved pinsetid og fødte et barn for 5 uker siden i Ole Liens hus. Kiersti Olsdr. forklarte at hun var fra Eide og Horningdals prestegjeld i Nordfjord og hadde været med sin bror Rasmus Olsen til Tønsberg, hvor hun blev gift med en bådsmand ved navn Johannes Frandsen. Han utgikk i vinter med et skib til Holland, men skibet blev borte på reisen. Hun begav sig da efter påske derfra og kom hit, hvor hun innlogerte sig hos sit søskenbarn Berte Olsdr., huskvinne under Lien. Hennes bror beretter at hun blev gift på grd. Lørte i Slagen sogn hvor han bor."

I samband med denne saka vart det tala om at husbonden Ole Olsen Lien kunne vera barnefaren, men den side ved saka vart ved tinget på Tollersrud 11. sept. 1724 dømt slik: "Ole Lien som var beskyldt for at være barnefar avla benektelsesed og frikjendtes."

Av ei sak frå 1726 går det fram at det eine husværet ved Lien heitte Bruvoll. Saka har elles i utskrift denne ordlyden: "Lien i Faaberg. Fliflet i Faaberg 16. febr. 1726. Ole Lien har indstevnt sin husmann Ole Christophersen Bruvold til efter dom at fraflytte husværet Bruvold, efter utsigelse før jul. Partene blev forlikt således at husmanden skal bruke akeren i 2 år og nytte gjødselen, men englandet bruker Ole Lien selv. Husene gjør husmanden sig så nyttig han kan uten avgift. Efter 2 år skal plassen være ryddiggjort til Ole Liens eget bruk."

Same året gav Ole Olsen skjøte til Ole Pedersen Fagstad på "den halvepart i Lien, skyld med bøksel 1 hud lskind for den summa 380 rd." - Men av 1732 er ei sak som gir så mange opplysningar at vi her tek ho med etter utskrift: "Lien i Faaberg. 16. febr. 1732. Ole Olsen, tjenende på Grønlien, 16 år gl., opplyser å være odelsberettiget til grd. Lien som Ole Pedersen Fagstad og Torger Arnesen Dahlen nu besidder, og tilforhandlet sig av hans far Ole Olsen Lien. Da han med tiden akter å innløse denne gård, lyser han sin pengemangel efter loven og reserverer sig påtale til tid og sted."

Om denne saka vart det så ein langvarig strid, innan striden ved eit skjøte av 26. mars 1756 vart avgjort slik: "Lien. Skjøte dat. 26. mars 1756, tgl. 18. juni 1756. Ole Olsen Lien bosat i Skien by, vært soldat ved hr. generalmajor Rømlings regiment har ved obl. av 14. oktobr.

1753 pantsatt sin eiende gård Lien i Fåberg sogn av skyld 2 huder 6 skind til Ole Pedersen mot lånte penge 1195 rd. Denne har nu efter de fastsatte 5 måneders opsigelse forlangt sine penger, men da det er umulig for Ole Olsen å tilbakebetale disse, så er han med Ole Pedersen blit således forenet, at han til de ovenmeldte 1195 rd. har lagt 295 rd. som tilsm. utgjør 1490 rd. for hvilken sum Ole Olsen nu selger sin gård Lien skyld 2 huder 6 skind til Ole Pedersen uten nogen slags forbeholdenheter.”

Dermed var altså Lien i Fåberg av samla skyld 2 huder 6 skinn atter på ei hand, og eigaren og brukaren av garden med innkjøpt odelsrett heitte Ole Pedersen Lien.

Men også Ole Pedersen Lien var til sine tider i beit for pengar, og i 1760 lånte han 300 rd. av Erich Sørhove og 300 rd. av Christopher Boleng mot årleg rente 4 %, men slik at vart rentene ikkje svara ”promte”, skulle dei årleg vera 5 %.

Ole Pedersen hadde Lien gard samla til i 1769. Da skjøta han ”den halve og nordre del av gården Lien i Fåberg prestegjeld av skyld 1 hud og 3 skind bøxel for rede penge 500 rd. og de øvrige 245 rd. med halvt føderåd som av gaarden må nydes for selgeren og hustru for levetid”, altså tilsm. 745 rd. Samtidig gav og Ole Pedersen Lien skjøte til same kjøpar, sonen Peder Olsen, på den andre halvdel i garden på dei same likelydande vilkår. – Kjøparen Peder Olsen Lien brukte så dei to Lien-gardane isaman til i 1777, da han skjøta garden samla av 2 huder 6 skinn til sonen Arne Pedersen for kjøpesum 892 rd.

Same året hadde og husbonden Peder Olsen mista kona si, Rangdi Hansdtr. f. Lier, Jørstad, og den 4. april 1777 var det skifte på ”Lien i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i skiftebuet, Lien av skyld 2 huder 6 skinn, verdsett til 900 rdl., og buet utgjorde brutto 1082 rdl. og netto 289 rdl. Arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen, dei 2 borna i ekteskapet. Av dei var dottera Anne da 19 år, og dottera Sønnøv var 16 år.

Den nye husbonden i Lien, Arne Pedersen f. 1757, gifta seg i 1780 med Anne Olsdtr. Fagstad, og dei fekk fleire born. Dei var: 1. Ole f. 1781, død same året, 2. Randi f. 1782, 3. Ole f. 1785, 4. Peder f. 1790, død 1792, 5. Sønnøv f. 1793, 6. Ingeborg f. 1796, 7. Peder f. 1799.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på og/eller ved Lien: Det var: 1. familie: 1. Arne Pedersen, husbonden, 44 år, 2. Anne Olsdtr., kona hans, 44 år, 3. Randi Arnesdtr., dotter deres, 18 år, 4. Ole Arnesen, son deres, 15 år, 5. Sønnøv Arnesdtr., dotter deres, 8 år, 6. Peder Arnesen, son deres, 2 år, 7. Peder Olsen, far til husbonden, føderådsmann, 75 år, 8. Christen Hansen, tenestkar, 20 år, 9. Marit Hansdtr., tenestkvinne, 25 år, 10. Martha Hågensdtr., tenestkvinne, 17 år, 11. Thora Erlandsdtr., legdkvinne, 95 år. 2. familie: 1. Hans Amundsen, husmann med jord, 34 år, 2. Kjersti Erichsdtr., kona hans, 49 år, 3. Anne Larsdtr., pleiebarn, 7 år. 3. familie: 1. Ole Amundsen, husmann med jord, 28 år, 2. Berit Hansdtr., kona hans, 33 år, 3. Ragnhild, dotter deres, 7 år, 4. Hans, son deres, 3 år. 4. familie: 1. Ole Engebretsen, husmann med jord, 44 år, 2. Anne Simensdtr., kona hans, 52 år, 3. Ingebor Olsdtr., dotter deres, 8 år.

Fire år seinare var det i 1804 politirett på Lien i Fåberg, og saka det gjaldt er i utskrift referert slik: ”Lien i Fåberg. 18. juli 1805. Fogden har instevnt piken S... H... for tyveri hos Anne Lien her i Fåberg. Den arresterte pike tilstod at hun for en måned siden hadde stjålet 3 stridkjorter og et lerredstørklæde som lå på blek hos Anne Lien, og da hun avvikte år var

budeie sammestads, hadde hun tatt et bomuldsgarnsnøste og to knipper lintagl. Dom: Den angjeldende pike bør for 1ste gangs tyveri innsettes til arbeide i Chr.a tugthus i 2 måneder.”

Husbonden Arne Pedersen brukte ættegarden Lien til i 1811, da han skjøta garden til sonen Ole Arnesen for kjøpesum 1400 rd. + føderåd etter kontrakt til foreldra Ane Pedersen og Anne Olsdr. – Litt om storleiken på gardane i den tid går fram at matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det frå garden Lien oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 5 hestar og 26 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde i vanleg gode år kring 75 tønner.

Etter atter 4 år var i 1823 føderådsmannen Arne Pedersen død, og det var atter skifte i ”Lien i Faaberg”. Ved dette skiftet var jordegods ikkje medregistrert, og buet utgjorde brutto 105 rd. og netto 83 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan Anne Olsdr., 4 av borna. Av di var Randi da gift med Stener Enge i Gausdal, men søstera Sønnøv, 30 år, var enda ugift.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkel skyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Garden Lien i Fåberg fekk da som si nye matr.skyld: 11 skylddalar 1 ort 11 skilling, og eigar og brukar av Lien var også da Ole Arnesen f. 1875. – Men i 1844 var alt husbonden Ole Arnesen død, berre 58 år gamal, og den 3. desbr. s. å. var det skifte på ”Flifletlien i Faaberg”. Ved dette skiftet var heller ikkje jordegodset medregistrert i buet, som utgjorde brutto 60 rd. og netto 47 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingeborg Simensdr. f. Borud, dei 5 borna i ekteskapet: 1. Arne Flifletlien, myndig, 2. Simen Flifletlien, myndig. 3. Anders Flifletlien, mindreårig, 4. Johanne, 17 år, 5. Marthe, 14 år.

I 1840-60-åra var det elles fleire utskiftingar av sameigemark og skog der grd. Lien hadde sine gamle bruksrettar. I 1847-48 var det såleis utskifting av ”Skovmarken i Kinden Sæterlag”, og i 1864 var det utskifting av ”Sameieskov i Baglien”.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Lien i Fåberg fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 433 mål, og av dette var 117 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på sjølve Lien gard da var 7 hestar, 23 storfe og 30 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsm. 8 storfe og 18 småfe. Først på same måten var utsæden på sjølve Lien gard det året: Ca. 17 tønner korn og 8 tn. settepoteter, men dertil var utsæden på husmannsplassane tilsm. 5 ½ tn. korn og 4 ½ tn. settepoteter.

Arne Olsen f. 1815 brukte odelsgarden Lien til i 1881, da han skjøta Flifletlia til Ole Arnesen for kjøpesum kr. 4000,- og føderåd til Arne Olsen Lien og Simen Olsen Lien, eit føderåd som var taksert til 5-årleg verdi kr. 1600,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkel skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Lien (Flifletlien) i Fåberg fekk da gardsnr. 130 av samla skyld 16,85 mark, og eigar og brukar av garden var framleis Ole Arnesen.

Grn. 130 Lien er ein av dei gardane i Fåberg som har vorte minst utparsellert, og etter ajourført matrikkel av 1904 var garden enda berre eitt bruksnummer, nemleg grn. 130, brn. 1 Lien (Flifletlien) av skyld 16,85 mark med Ole Arnesen som eigar og brukar. – Da det truleg kan vera av interesse, tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det 8 personar med røysterett på og/eller ved Lien. Det var: 1. Gardbrukar Ole Arnesen Lien, 54 år, 2.

Gardbrukarson Arne Olsen Lien, 29 år, 3. Husmann Ole Iversen, 49 år, 4. Husmor Johanne Simensdtr., 51 år, 5. Husmann Matias Tollefsen, 38 år, 7. Husmor Elise Amundsdr., 33 år, 8. Jan Olsen, arbeidar, 40 år.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 hadde grn. 130, brn. 1 Lien i Fåberg eit oppgitt jordbruksareal av åker, hage og eng på tilsm. ca. 60 260 mål (da), og det var da Arne Lien som var eigar og brukar av garden.